



Til: Samferdselsutvalet

Frå: Nils E Grude

Referanse
2014/918-1

Dato
13.01.2014

Spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss - Svar på oversendingsforslag

I samband med handsaming av melding nr. 137/13 på møte i samferdselsutvalet 23.10.13 gav representantane Tom Skauge (Sv) og Einar utro (H) uttrykk for at ein i samband med vegstengningar burde ha ein plan for omkøyringsveggar i fylket.

Samferdselsavdelinga sendte i brev av 31.10.13 oversendingsforslaget frå samferdselsutvalet over til vidare handsaming i Statens vegvesen. Det ligg no føre svar frå Statens vegvesen i brev av 03.01.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til brevet frå Statens vegvesen, og har elles ikkje nokon merknader.

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kaisa Tonheim Banne - 55516273

Vår referanse:
2013/139697-002

Dykkar referanse:
201309380-1

Vår dato:
10.01.2014


Spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss - oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag sendt 25. november 2013 med spørsmål om fysisk skilje mellom gåande og bilar i undergangen for Ringheimsvegen på Voss. Samferdselsutvalet ønskjer at Statens vegvesen vurderer om det let seg gjere å etablere fysisk separasjon av gåande og bilar der Ringheimsvegen (Fv 315) går under jernbana i Voss sentrum.

Statens vegvesen har vurdert ulike alternativ for sikring/separasjon av dei gåande gjennom undergangen og gjort ei risikovurdering av alternativa. Vurderinga syner at slik sikring ikkje vil medføre den ønska effekten, og heller bidra til at dei gåande får eit falskt inntrykk av at dei er betre sikra enn dei i realiteten er. Det er og vedteke å gjennomføre eit eige gang- og sykkelprosjekt i 2014 med undergang under veggen. Dette vil bidra til å sikre dei gåande og syklende betre. Vegvesenet vil difor ikkje gjere tiltak for separasjon.

Ny driftskontrakt vil ha særskilt merksemd på brøyting og strøing for å sikre dei gåande betre.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing


Olav Finne
Avdelingsdirektør


Kaisa Tonheim Banne